

3,6 mill. til seks forskings- og innovasjonsprosjekt

Fylkeskommunen gir 600.000 kroner til kvart av seks kvalifiseringsprosjekt. Kompetanse- og næringsutvalet vedtok tildelinga einstemmig.

PUBLISERT 24. SEP. 2026



REGIONALE
FORSKINGSFOND

MØRE OG ROMSDAL

Kvalifiseringsprosjekta skal hjelpe bedrifter med å undersøke om ein idé kan utviklast gjennom forskning og legge grunnlaget for større forskings- og innovasjonsprosjekt.

Dette er prosjekta som kvar får 600.000 kroner i støtte:

- Aas Mek Verksted AS: Verktøy for effektiv fartberekning i tidleg skipsdesign (engelsk prosjekttittel: Effective speed-prediction tool for early-stage ship design)
- NTNU: KI-støtta oppdaging og gradering av svarte flekkar i uerfiletar (engelsk prosjekttittel: AI-Assisted Detection and Grading of Black Spots in Redfish Fillets)
- Firmenich Bjørge Biomarin AS: Helsefremjande smaksstoff frå norske makroalgar i sjømatprodukt (engelsk prosjekttittel: Healthy flavour compounds from Norwegian macroalgae for seafood formulation)
- Hofseth Biocare AS: Høgverdiprodukt frå organfraksjonar i kjønnsmoden laks
Møreforsking: Gull frå snøkrabbblod?
- Ode AS: Optimal elektrisk bedøving av oppdrettstorsk
- Prosjekta omfattar skipsdesign, KI-basert kvalitetskontroll av fisk, foredling av marine råstoff og elektrisk bedøving av oppdrettstorsk.

Åtte søknadar

Fylkeskommunen fekk åtte søknadar på til saman 4,8 millionar kroner. Eit fagpanel frå fylkeskommunen og Innovasjon Norge vurderte søknadane etter fire kriterium: forskingskvalitet og innovasjon, verknader og effektar, gjennomføring og regional relevans.

I 2026 er ni millionar kroner sette av til kvalifiseringsprosjekt. Midlane kjem frå Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond. Etter tildelinga står tre millionar kroner att.

Saksframlegg og møteprotokoll for kompetanse- og næringsutvalet 10. september

Meldinger ved utskriftstidspunkt 24. september 2026, kl. 14.53 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.